Tilflytta familiar i Flekke skulekrins

Dei siste åra har Flekke skulekrins hatt ei omfattande tilflytting av familiar. Dette har mellom anna bidrege til folketalsvekst i Fjaler kommune, levande grender utanfor kommunesenteret og til Fjaler kommune sin økonomi.

Sidan 2019 har **22 familiar** med **48 born** flytta til og etablert seg i Flekke skulekrins. I tillegg er det fleire par i etableringsfasen **(3 par)** og fleire enkeltpersonar som har etablert seg i bygda. Dette er ei blanding av folk som har vokst opp i skulekrinsen og flytta tilbake, familiar som har etablert seg her utan særskilt tilknyting til Flekke og familiar som er knytt til UWC og Hauglandssentert. Desse tala beskriv ikkje anna enn ei suksesshistorie for ei bygd med Flekke sin storleik. Er ikkje dette noko alle mindre kommunar strebar etter? Vi er svært forundra over desse tala verken er kommentert eller at det er undersøkt nærare og lagt meir vekt på i saksutgreiinga til administrasjonen.

Desse familiane gjev eit vesentleg bidrag til kommuneøkonomien. Dersom ein skisserer ein familie med to born, som er representativt for dei tilflytta familiane, der begge foreldra er i full jobb, har eitt born i barnehage og eitt i skulealder vil det samla årlege økonomiske bidraget til Fjaler kommune vere like i underkant av 500 000 kr. Her er det medrekna inntektsskatt, kommunale avgifter, eigenandel til SFO og barnehage og statlege rammetilskot. Ein slik familie vil finansiere sine eigne tenester, i tillegg til å bidra til fellesskapet.

Kjelde for inntekt	Årleg verdi til kommunen	Forklaring
Inntektsskatt	**ca. 140 000 kr**	Basert på 12,75 % kommuneskatt av alminneleg inntekt (etter standard frådrag) ved 1,4 mill. i bruttoinntekt.
Kommunale avgifter	**18 218 kr**	Fast årleg gebyr til Fjaler kommune for vatn, avløp, renovasjon og feiing.
Eigedomsskatt *(Bustad verdt 4 mill)*	**ca. 4 480 kr**	Fjaler har ein skattesats på 1,6 promille. Skattegrunnlaget vert sett til 70 % av formuesverdien (4 mill. × 0,70 = 2,8 mill.).
Barnehageplass *(Eigenandel)*	**ca. 22 000 kr**	Foreldrebetaling basert på gjeldande makspris (2 000 kr/mnd i 11 månader).
SFO-plass *(Redusert plass)*	**ca. 20 900 kr**	Eigenandel for skulefritidsordninga (1 900 kr/mnd i 11 månader).
Statleg rammetilskot *(4 personar)*	**ca. 280 000 kr**	Generelle overføringar frå staten via inntektssystemet, berekna til om lag 70 000 kr per innbyggjar for ein distriktskommune som Fjaler.
TOTAL VERDI PER ÅR	**ca. 485 598 kr**	**Familien sitt samla bidrag til Fjaler kommune.**

Flekke skule har utan tvil vore ein avgjerande faktor for at så mange familiar har valt å etablere seg i bygda. Kor mange som ville ha etablert seg her utan skule er umogeleg å talfeste. Like vanskeleg er det å talfeste kor mange framtidige familiar som vil velje vekk Flekke dersom skulen forsvinn. Det vi derimot kan vere rimeleg sikre på er at fleire av desse familiane ville valt å busetje seg i ein anna kommune dersom Flekke ikkje hadde hatt ein skule.

Kvar familie som vel å busetje seg i ein anna kommune, representerer tap av framtdigie inntekter. Om t.d. 5 av familiane hadde busett seg i ein anna kommune, ville dette ha gitt om lag 2,5 mill. kr i lågare inntekter til kommunen. Då kan ein spørje seg; kan Fjaler kommune verkeleg ta sjansen på å legge ned Flekke skule og risikere lågare framtidige inntekter og bør ein heller sjå på mogelege auke i inntekter frå tilflyttarar enn på kostnadar?

Med helsing tilflyttarar sidan 2019, her representert av 21 av 25 par:

Anders og Anne Nikoline m. fam

Geir og Amalie m. fam

Alexander og Eivor m. fam

Sara og Einar m. fam

Harald og Kjersti m. fam

Marte og Adrian m. fam

Øystein og Lone m. fam

Vegard og Sandra m. fam

Arne og Myrtle m. fam

Marie og Torstein m. fam

Nikolai og Terese m. fam

Stine og Chris m. fam

Håkon Harry og Synnøve m. fam

Per Kristian og Jenny m. fam

Katrine og Knut Odin m. fam

David og Lykke - m. fam

Emma og Keiran - m. fam

Tommy og Iselin

Viljar og Natalia

Thea og Elid

Mathew og Liusaidh